# Fjell kyrkjeblad

Utgave 3
2017



## Tweens på sommarfest

Side 7



Kyrkjas fødselsdag
Side 5



Barnekirken i Thailand
Side 4



Konfirmant i 2018?
Side 8-9

Fjell kyrkjeblad

**UTGJEVAR** Fjell kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut
6 gonger i året og kostar
kr 200,- pr. år.
For utanbygds: kr 250,-.

**Bankgiro, Kyrkjebladet**
8580.14.09461

**Bankgiro, Fjell kyrkjelege fellesråd**
8580.14.09453

**Ansvarleg redaktør**
Borghild Hustad Berge

**Grafisk design**
Apelthun House Ltd

**Trykk**
Bodoni AS

**Forsidebilde**
Tweens /Søgni Lillevik Nilsen

**Kyrkjekontoret**
Postboks 184, 5342 Straume

**Telefon**
55 09 74 40

**E-post**
post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Besøksadresse**
Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

kyrkja.no/fjell

INNLEVERINGSFRIST
for annonser og kunngjeringar til neste utgåve av Fjell Kyrkjeblad: 7. august.

# Pinsefest og sommartid

Når vårensemesteret går mot sommar, kjem pinsefesten i kyrkjekalendaren. I pinsen feirar kristne Den Heilage Andes komme og kyrkjas fødseldag. I spørjeundersøkingar kjem det fram at mange nordmenn ikkje har fått skikkeleg med seg kva denne kyrkjeleg høgtida eigentleg handlar om. Det kan skuldast at Den Heilage Ande ikkje så lett kan konkretiserast. Mange treng hjelp til å tolke kva Den Heilage Ande er, og betyr i den kristne trua. Det kan du lese meir om på side 5.



*Tweens i Fjell kyrkje sin sommarfest landa på ein nydeleg solskinsdag, og gav alle ein forsmak på sommaren. Foto:Tweens*

«Å lese og tru Bibelen kan forandre livet ditt. Det var dette som forandra mitt liv», vitnar ungdomsprest Jon Andreas Tjentland i andakta på side 3. Her oppmodar han til å ha tiltru til at heile Skrifta er innanda av Gud. Han skriv «Når du les Bibelen, – bruk god tid, les seint, og be Den Heilage Ande om å openberre Bibelen for deg når du les.»

På side 4 får du eit glimt frå eit av misjonsprosjekta som Fjell sokn støttar. Du kan lese om arbeidet som blir drive i ei nyoppstarta «barnekyrkje» ute på landsbygda nordaust i Thailand.

På framsida av kyrkjebladet har vi bilete frå sommarfesten til Tweens-arbeidet i Fjell kyrkje. Det var ein nydeleg solskinsdag, som gav «tweensa» og foreldra ein forsmak på sommaren som er i vente. Det kan du lese meir om på side 7.

På side 8 og 9 inviterer kyrkjelydspedagogane deg som er fødd i 2003 til ei spanande konfirmasjonstid i Fjell, Foldnes og Landro sokn i skuleåret 2017/2018.

På side 11 får du oversikt over trusopplæringsdagar til hausten som det kan vere lurt å «plotte inn» i kalendaren alt no.

God lesestund og god sommar!

MARGIT LILJAN APELTHUN


## SOMMARJOBB 2017

Vi søkjer etter sommarhjelper på gravplassane/kyrkjene i Fjell  i **perioden 26. juni til 25. august**
Arbeidet består i hovudsak av å klippe plen, luke ugras, maling og anna førefallande arbeid.
Sommarhjelper får timeløn etter tariff.
Opplys i søknaden kva veker du kan arbeide.

**Søknader skal sendast til**
Fjell sokneråd v/driftsleiar Norvald Snekkevik,
pb 184, 5342 Straume
eller epost: norvald.snekkevik@fjell.kommune.no

Spørsmål om stillingane kan rettast til driftsleiar
på tlf  93 07 07 41

**Søknadsfrist:  10. juni 2017**

DEN NORSKE KYRKJA
Fjell kyrkjelege fellesråd




# Sommarfest i Landro

## Det blir Sommarfest etter gudstenesta den 11. juni i Landro kyrkje!

Denne våren har soknerådet i Landro arrangert kyrkjemiddag to søndagar. Begge gongene var vellukka middagsselskap for fleire generasjonar. Mellom 40 og 50 personar stogga igjen etter gudstenesta. Soknerådet håpar også på god oppslutning på sommarfesten som blir arrangert etter gudstenesta den 11. juni. Velkommen!

BJARTE NESE

# «Kvar bok i Skrifta er innanda av Gud»

Orda frå overskrifta er ikkje mine, dei tilhøyrer Paulus, og du finn dei i 2 Tim 3,16. Paulus skriv brev til sin ven og medarbeider Timoteus. Blant alle tinga Paulus har på hjarta, ynskjer han å formidle til Timoteus at heile Skrifta er innanda av Gud, og at ho er til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd.

«Skrifta» i 2 Tim 3,16 og andre stader i er den nemninga som oftast vert nytta om Det gamle testamentet (GT) i Det nye testamentet (NT). Denne skriftstaden føyer seg inn i ei rekke av skriftstader som avslører korleis Paulus, Peter, og ikkje minst Jesus tenkte om GT, Skrifta. I Mark 7,13 omtaler eksempelvis Jesus Guds bod som Gud sine ord. Det same gjer han i Matt 15,4. I eit møte med nokre saddukearar refser han dei og seier at dei «... er på ville vegar fordi dei ikkje kjenner skriftene» (Matt 22,29). Vidare ser han seg sjølv som Skriftas kjerne og oppfylling (f.eks. Matt 5,17, Joh 5,39 og 5,46-47.)



*Når du les Bibelen, – bruk god tid, les seint, og be Den heilage ande om å openberre Bibelen for deg når du les, er oppmodinga frå artikkelforfattaren. Illustrasjonsfoto: MLA*

Då Peter taler til folket på 1. pinsedag (Apg 2) refererer han profeten Joel, men Peter seier ikkje «Joel skreiv», eller «Joel sa», Peter seier istaden: «seier Gud». I 2 Pet 1,20-21 skriv Peter «Men framfor alt skal de vita at ingen kan tyda eit profetord i Skrifta på eiga hand. For aldri vart noko profetord bore fram ved menneskevilje, men drivne av Den heilage ande tala menneske ord frå Gud.» Orda til profetane i GT var ikkje menneskeord, det var Gud sine ord. Paulus siterer GT som Peter. Sitat i frå GT vert innleia med til dømes; «Gud har sagt» (2 Kor 6,16), og vert avslutta med «seier Herren» (Rom 12,19). GT var ikkje berre ei bok, eller ein bokrull for Jesus, Peter og Paulus. Dei hadde eit høgt syn på GT. Dei rekna GT for å vera Gud sine eigne ord.

Det finnes ikkje noko vers i Bibelen som utaler seg samla om alle dei 66 bøkene i Bibelen. Jamvel finst det stader i NT som synleggjer statusen til fleire av skriftene som tilslutt vart til NT. I 1 Tim 5,18 skriv Paulus: «For Skrifta seier: Du skal ikkje setja muleband på ein okse som treskjer, og: Ein arbeidar er verd si løn». Paulus innleiar her med å seie «Skrifta seier», vidare kjem han med to sitat. Det fyrste sitatet finn me att i 5 Mos 25,4, det andre sitatet finn me ikkje i GT, men i Luk 10,7. Eit sitat frå Lukas evangeliet vert altså introdusert saman med og stilt likt med eit sitat i frå GT. I 2 Pet 3,15-16 omtaler Peter Paulus sine brev på same måte når han omtaler dei som ein del av «dei andre skriftene».

Mitt ynskje med denne andakta er å gi deg frimod til å leve eit liv i tillit til at Bibelen er Guds gode og heilage ord til oss også i dag! Akkurat som Jesus, Peter og Paulus trudde Det gamle testamentet var Guds ord, og Peter, Paulus og dei fyrste kristne trudde det same om dei skriva som vart til NT, inviteres meg og deg, som Timoteus, til å ha den same tilliten til GT og NT som dei.

Å lese og tro Bibelen kan forandre livet ditt. Det var dette som forandra mitt liv.

Til slutt, når du les Bibelen, – bruk god tid, les seint, og be Den heilage ande om å openberre Bibelen for deg når du les.

JON ANDREAS TJENTLAND



# innhald


| | |
|---|---|
| Side 4 | Barnekirken i Thailand |
| Side 5 | Kvifor er pinsen kyrkjas fødselsdag? |
| Side 8-9 | Konfirmant til hausten? |
| Side 10-11 | Trusopplæringa i Fjell |

# I barnekirken får barna opplæring og tilsyn når foreldrene må jobbe

**Et av misjonsprosjektene som Fjell sokn støtter er en barnekirke nordøst i Thailand.**

Denne gangen vil vi gi dere et lite glimt av arbeidet som blir drevet i en nyoppstartet «barnekirken». Den ligger ute på landsbygden ca en halv times reise fra en liten by som heter Phibun.

For vel et år siden fikk vi besøke denne kirken og være med på en liten dugnad slik at den kunne stå ferdig til åpningen i oktober 2015. Vi ble mottatt med åpne armer både store og små. Med oss hadde vi noen elever og lærere fra Danielsen skole - Sotra som var på studietur. Det ble malt, ryddet og plantet, sammen med de fastboende i området. Vi skjønte ikke hverandres språk, men vi hadde et felles mål. Det var å bli ferdig til den store åpningsdagen. Etter endt arbeid ble det servert deilig, varm lunsj som ble laget på stedet. En fin og meningsfull dag!

Det var et fornøyd arbeidslag som satte seg i minibussen for å kjøre tilbake til Mukdahan den kvelden.

Slik det er mange steder i Thailand, så er også her barna mye alene mens foreldrene må arbeide. De er mye overlatt til seg selv. Dette huset  er ment å være et sted der barn i område kan komme og være når de ikke er på skolen. Lørdag og søndag ville de prøve å holde åpent hele dagen.



*Mildred Heggernes har søndagsskole i «Barnekirken» på thai.*

Det begynte med en visjon fra noen få voksne, som nå har resultert i at barna har et tilbud. I kirken kan de få et måltid mat, leke sammen, lære om Jesus og være sammen med noen voksne barnearbeidere som bor i området.

Dette er et samarbeid mellom NMS og  Den evangelisk-lutherske kirke i Thailand. Når vi var der fikk de en flanellograf som gave fra Molde Domkirke, som inneholder de fleste av Bibelens fortellinger og er en flott måte å kommunisere med barn på. De hadde aldri sett en flanellograf, men etter littt innføring var de klar til å kunne formidle en del av det som står i Bibelen og bruke dette redskapet til å fortelle hvem Jesus er. For en tid tilbake fikk vi også en flanellograf fra Kolltveit som skal brukes i barnearbeidet i Thailand.



*Fra overrekkelsen av flanellografen. Mildred Heggernes og Finn Arild Fjøre.*

Dette er noe av det arbeidet vi får være med å støtte. De trenger vår forbønn og vår økonomiske hjelp.

HILSEN RØNNAUG
– MISJONSKONTAKT I FJELL

## Stiftelsen hjelp til vanskeligstilte i Fjell kommune

**Stiftelsen har som formål å gi økonomisk støtte til eldre/og eller andre vanskeligstilte som bor i Fjell kommune.**

Enkeltpersoner, familier, organisasjoner, institusjoner eller lag og foreninger kan søke om støtte.

Med uttrykket eldre og andre vanskeligstilte mener vi personer som trenger hjelp på grunn av dårlig økonomi, nedsatt fysisk/kognitiv funksjonsevne, helsemessige og/eller sosiale problemer.

Alle som kommer inn under formålet kan søke om økonomisk hjelp. Denne hjelpen er som en gave og derfor er det ingen klagemuligheter ved avslag. Alle søkere vil få svar.

Dersom du ønsker å få mer informasjon, eller ønsker å søke, kan du ta kontakt med leder for stiftelsen,
**Oddmund Ro, tlf. 400 45 022**

# Kvifor er pinsen kyrkjas fødselsdag?

**I pinsen feirer kristne Den Heilage Andes komme og kyrkjas fødseldag.**

Ordet pinse kjem av det greske ordet «pentekoste», som betyr den femtiande. Pinsefesten vert alltid feira 50 dagar etter påske.

Det nye testamente fortel korleis Den Heilage Ande kom over læresveinane som var samla på øvresalen for å feire den jødiske pinsefesten. På mirakuløst vis blei dei i stand til å forstå og tale alle mulige språk. Anden gav dei kraft til å gå ut i verda og forkynne den glade bodskapen om Jesus Kristus.



### Valfartsfest

Den kristne pinsen har bakgrunn i den jødiske pinsefesten som er ein av dei tre bibelske valfartsfestane då israelittane skulle dra opp til tempelet i Jerusalem.

I pinsen feira dei førstegrøda av kveitehausten.

Etter tradisjonen var det også i pinsen at Gud gav Moses dei 10 boda på Sinai.

Medan israelittane vart utfridd frå slaveriet i påsken, fekk dei i pinsen eit møte med Gud på Sinai. Frå å vera eit slavefolk utan rettsvern, vart dei utfridd og reist opp til ein nasjon med eigen lov.

### Pinsen år 33

For Jesu læresveinar fekk den jødske pinsen ei djupare meining då Den Heilage Ande fall på pinsedagen. Heilaganden overtok lovens rolle. Som Paulus skriv i Romarbrevet (7:7b): «Men utan loven ville eg ikkje visst av synda ...». Så er også Den Heilage Andes oppgave å avsløre synda. I Johannes (16:8-11) underviser Jesus om Den Heilage Ande: «Og når han kjem, skal han gå i rette med verda og vise den kva synd er, kva rettferd er, og kva dom er: Synda er at dei ikkje trur på meg. Rettferd er at eg går til min Far, og de ser meg ikkje lenger. Dommen er at denne verdas fyrste er dømt».

I nytestamentlig tid eksploderte Jerusalem frå sitt normale innbyggertall på rundt 600.000 til fleire millionar under pinsen, sidan jødiske pilegrimar frå andre stader i Israel og fjerne land kom til byen under høgtida.

I Apostelgjerningane kap. 2 kan vi lese kva som skjedde i pinsen i år 33: «Då pinsedagen kom, var alle samla på éin stad. Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av eld, viste seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei.  Då vart dei alle fylte av Den Heilage Ande og tok til å tale på andre tungemål etter som Anden gav dei å forkynne. I Jerusalem budde det fromme jødar frå alle folkeslag under himmelen. Då dei høyrde denne lyden, samla det seg ei stor folkemengd, og det vart stor forvirring, for kvar og ein høyrde at det vart tala på hans eige mål.»

Då stod Peter fram saman med dei elleve og forkynte evangeliet om Jesus Kristus til folket. Det står at omlag 3000 menneske blei døypte og lagt til kyrkja den dagen som sidan er blitt rekna som kyrkjas fødselsdag.

Pinsen som kyrkjeleg høgtid opptek ikkje så mange nordmenn. Det kan skuldast at Den Heilage Ande ikkje så lett kan konkretiserast. Vi treng hjelp til å tolke kva Den Heilage Ande er og betyr i den kristne trua.

Salmediktaren Johan Nordahl Bruun skriv slik om Den Heilage Ande i sin pinsesalme:

*Ånd over ånder,*
*kom ned fra det høye,*
*Evig med Fader og*
*Sønnen én Gud!*
*Kom, du som sjelene*
*sammen kan føye,*
*kom og gjør rede*
*den himmelske brud!*
*Kalle, forsamle og*
*Jesus forklare,*
*bygge Guds kirke,*
*opplyse hans folk,*
*det er din gjerning,*
*la oss den erfare,*
*kom, du Guds kjærlighets*
*mektige tolk!*
*(Norsk salmebok nr. 515, vers 1)*

MARGIT LILJAN APELTHUN



# 1,3 millioner personer går til nattverd

**Stadig flere går til nattverd i Den norske kirke. – Jeg tror det kjennes som en styrke å gå fram sammen med andre og at alle får ta imot, sier biskop Ivar Braut.**



Ferske tall fra Statistisk sentralbyrå viser at 1 317 472 personer gikk til nattverd i Den norske kirke i 2016. Antallat har steget jevnt siden 2011, da det var 1 208 500 som gikk til nattverd.

***– Men hvorfor står nattverden så sterkt blant norske kirkegjengere?***

– Jeg tror rett og slett mange oppdager velsignelsen i å motta sakramentet: At usynlig nåde blir gitt ved synlige midler. Videre tror jeg det kjennes som en styrke å gå fram sammen med andre og at alle får ta imot, sier Ivar Braut, som ble vigslet til biskop i Stavanger bispedømme i mars.

Tallene fra SSB viser at det i snitt går 40 personer til nattverd når gudstjenesten feirer nattverd.

***– Hva betyr nattverden for deg?***

– At brød og vin sammen med Guds løfte gir del i den usynlige nåden i sakramentet. Og så er er nattverdliturgien noe av det dypeste og vakreste i liturgien, sier biskop Braut.

**Bred virksomhet**

Den norske kirke har en bred virksomhet, og en del av denne virksomheten kan måles i tall. Ifølge SSBs årsstatistikk for 2016 var det 3 758 070 medlemmer og tilhørige i Den norske kirke ved utgangen av året. Dette utgjorde 71,5 prosent av befolkningen.

I 2016 ble det døpt 32199 personer i Den norske kirke. Andelen døpte ett-åringer blant alle ett-åringer som har foreldre med medlemskap i Den norske kirke, har vært om lag 76 prosent de fire siste årene. I 2016 hadde andelen steget til 77 prosent.

En av årsakene til denne økningen er oppryddingen i Den norske kirkes medlemsregister som i løpet av 2016 førte til at mange tilhørige ble slettet fra registeret. En medvirkende årsak er også at det i mange menigheter har vært satset spesielt på å gi kirkens medlemmer god informasjon om dåpen.
KIRKEN.NO

# Trening for barseldamer i Fjell

**– Er du en mor som er hjemme med dåpsbarnet ditt? Da har vi et tilbud om sosialt og tilrettelagt trening.**



Det sier jordmor og personlig trener, Åshild Gavlen, som har startet opp med barselgruppetrening for mor og barn fra uke 6-12 mnd.

Gavlen er utdannet som personlig trener, men jobber som jordmor i Fjell kommune, samt som veileder på RePro Basecamp.

– Dette er et forebyggende og helsefremmende tilbud, både sosialt og fysisk, der mor og barn kan være aktiv sammen med andre mødre og barn og slik bygge nettverk og relasjoner.

– Jeg hadde nylig første treningsøkt for barseldamer med baby på Aktiv365-Straume. Det var veldig kjekt, og mødrene syns det var flott å møtes i sosialt lag og samtidig få være i aktivitet, sier Åshild Gavlen (innfelt).

– Vi går gjennom basic styrke øvelser for mage, rygg, bekken samt holdnings byggende øvelser, med god informasjon om trening etter fødsel, sier hun. MLA



# Tweens på sommerfest

Fjell kyrkje

**Tweenssemesteret i Fjell kirke ble avsluttet med sommerfest på Skogtun camping.**

Annenhver fredag har Fjell kirke vært stappfull av spreke, gode, aktive og engasjerte tweensere. På det meste har vi vært godt over hundre barn og unge, fordelt på ulike aktiviteter rundt hobbybord, gymsal, playstation, og bingo for å nevne noe.

Derfor var det flott å kunne avslutte dette tweenssemesteret med en sommerfest på idylliske Skogtun camping. Foreldre var også invitert til rebusløype, grilling og andakt av vår vikarierende ungdomsprest, Jon Andreas.

Bildene taler for seg, og stemningen var god, også når de eldste av tweenserne ble igjen og lekte Mission Impossible i skogen og overnattet i Lavo-huset.

Vi gleder oss allerede til å møte alle sammen igjen til høsten, og til å møte nye tweensere.

Men først: God sommer alle sammen!

SØGNIE LILLEVIK NILSEN

## Sommerleir på Wallemtunet 2017

Leir er spennende! Bli med på lek og moro, grilling, fjellturer, fotball, volleyball, sporløp, spennende kubbespill-kamper og mye annen moro!
På leir treffer du gamle og nye venner. Det er godt fellesskap, aktiviteter og samlinger der vi får høre spennende fortellinger fra Bibelen.
Sommerleirene på Wallemtunet er et av årets store høydepunkter, og leirstedet ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

Sommerleir 7-10 år
søndag 25. til tirsdag 27. juni 2017
Pris: 500,-

Sommerleir 11-14 år
onsdag 28. juni til løradg 1. juli 2017
Pris: 700,-

Meld dere på til: bergen@sondagsskolen.no
eller telefon 907 72 703

SØNDAGSSKOLEN Jesus til barna

acta barn og unge i normisjon

Barne- og tweenskora
i Fjell & Landro
avsluttar vårsemesteret med

## konsert

for heile familien.



Tysdag 23 mai kl. 17.30
i Fjell kyrkje
Kollekt

# Konfirmant i kyrkja i 2018?



**Vi vil med glede invitere deg som er fødd i 2003 til ei spanande konfirmasjonstid i Fjell, Foldnes og Landro sokn skuleåret 2017/2018! I konfirmanttida får du mellom anna ta del i engasjerande undervisning, delta på artige ungdomsarrangement, bli kjend med nye folk og avslutte året med ein flott konfirmasjonsdag.**

## Konfirmasjonsgudstenester 2018:

### Fjell kyrkje

Laurdag 5. mai: Knappskog – Skålevik (Algrøy/ Syltøy) – Tellnes
Søndag 6. mai: Ekerhovd – Kolltveit – Ulveset

### Foldnes kyrkje

Torsdag 10. mai: Foldnes (Kristi himmelfartsdag)
Laurdag 12. mai: Hjelteryggen – Liljevatnet
Søndag 13. mai: Bjorøy – Brattholmen

### Landro kyrkje

Laurdag 12. mai: Landro – Misje – Spjeld
Søndag 13. mai: Ågotnes

## Infomøte for alle kommande konfirmantforeldre

### Torsdag 15. juni kl. 19.00 i Foldnes kyrkje

Alle døypte i 03-kullet har fått tilsendt info om konfirmantåret i posten. Ta kontakt på e-post: **beate.sorhus@fjell.kommune.no** dersom du ikkje har fått dette.

### Påmelding

Alle som skal vere konfirmantar i kyrkjene i Fjell må registrere seg på **www.kyrkja.no/fjell/konfirmant**

**– Frist for registrering 20. juni**



# Glimt fra konfirmantåret 2017


















# T5 - Den gode gjetaren



**Tysdag 25. april myldra det med femåringar i Foldnes kyrkje. Temaet var «Den gode gjetaren», og dette gjekk att både i både teikning, song, leik og forteljing. Til slutt fekk alle femåringane med seg ein fin sau og ei bok med heim.**
**Vel møtt på «T6-skulestart» om eit år!**









## Velkomen på T-dagar

- Påmelding til og info om alle T- dagane finn du på www.t-dagen.no eller på
- tlf. 55 09 74 40. Spør etter Elisabeth, Kari eller Søgnie.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusopplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå.
  Ta kontakt ved særskilde behov.

# T-dagar i kyrkja


















## Bli med på T-dagar 2017



**«Pilegrimsvandring»** Tysdag 15. august frå Morland til Fjell kyrkje — T7

**«Babysong»** Måndag 28. august, i Fjell kyrkje — T1

**«Mi kyrkjebok»** Søndag 3. september: T4 i alle kyrkjene — T4

**«Babysong»** Måndag 25. september: Babysong i Foldnes kyrkje — T1

**«På sporet av Jesus»** Fredag 29. september: T11 i Foldnes kyrkje — T11

**«Tweens»** Fredag 20. oktober: T10 Tweens i Fjell kyrkje — T10

**«Babysong»** Måndag 30. oktober: Babysong i Landro kyrkje — T1

**«Lys Våken»** Laurdag 18. til søndag 19. november: T12 i Fjell kyrkje — T12

**«Babysong»** Måndag 27. november: T1 Babysong i Fjell kyrkje — T1

Informasjon og påmelding:
www.t-dagen.no eller
www.kyrkja.no/fjell

**Med himmel over livet og føter på Fjell**

# Velkomen til gudsteneste

| Dato | Kyrkjeårsdag | Kyrkje | Kl. | Gudsteneste | Dåp/Nattv | Prest | Takkoffer |
|---|---|---|---|---|---|---|---|

## Fjell kyrkje

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 28.05.17 | Søn. f. pinse | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste | Dåp, Nattverd | Unneland | Eige arbeid |
| 04.06.17 | 1.pinsedag | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste | Nattverd | | Misjon Thailand/Laos |
| 05.06.17 | 2.pinsedag | Langøy | 12:00 | Gudstjeneste | | Aannerød | Kr. Idrettskont. KRIK |
| 11.06.17 | Treein.søn. | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste | Dåp | Ekerhovd-O | Amathea |
| 18.06.17 | 2.søn i treein. | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste | Nattverd | Nese | Eige arbeid |

## Foldnes kyrkje

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 28.05.17 | Søn. f. pinse | Foldnes kyrkje | 19:00 | Bibelbønlovsang | | Ekerhovd-O | Eige arbeid |
| 04.06.17 | 1.pinsedag | Foldnes kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp | Aannerød | Den Norske Israelsmisjon |
| 11.06.17 | Treein.søn. | Foldnes kyrkje | 11:00 | Ung messe | Dåp, Nattverd | Kopperud | Normisjon (Bafou/kasso) |
| 18.06.17 | 2.søn i treein. | Foldnes kyrkje | 11:00 | Gudst./sommeravsl. | Nattverd | Ekerhovd-O | Sotra Indremisjon |

## Landro kyrkje

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 28.05.17 | Søn. f. pinse | Landro kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Aannerød | Eige arbeid |
| 04.06.17 | 1.pinsedag | Landro kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Unneland | Basecamp |
| 11.06.17 | Treein.søn. | Landro kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Nattverd | Nese | |
| 18.06.17 | 2.søn i treein. | Landro kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Aannerød | KIA - Kr.Interkult.arb. |

## Sommargudstenester

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 25.06.17 | 3. søn i treein. | Foldnes kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Ekerhovd-O | Sjømannskirken |
| 25.06.17 | 3. søn i treein. | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Nese | |
| 02.07.17 | 4. søn i treein. | Landro kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Nese | |
| 09.07.17 | 5. søn i treein. | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Ekerhovd-O | |
| 16.07.17 | Aposteldagen | Foldnes kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Ekerhovd-O | |
| 23.07.17 | 7. søn i treein. | Landro kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Aannerød | |
| 30.07.17 | 8. søn i treein. | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Aannerød | |
| 06.08.17 | 9. søn i treein. | Foldnes kyrkje | 19:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | | |
| 13.08.17 | 10. søn i treein. | Landro kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Nese | |
| 20.08.17 | 11. søn i treein | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Nattverd | Aannerød | |
| 20.08.17 | 11. søn i treein | Landro kyrkje | 11:00 | Gudsteneste | Dåp, Nattverd | Nese | |
| 27.08.17 | 12. søn i treein | Fjell kyrkje | 11:00 | Gudstjeneste | Nattverd | | |

# Døypte

## Fjell kyrkje

**26.03.2017**
Lykke Othilie Andersen
Ludvig Torrissen
William Ellingsen Børnes
Ella Andrea Ulveseth
Tord Andre Hansen Stenseth

**09.04.2017**
Ole Jacob Marthinsen Bernestangen
Teodor Algrøy
Solveig Mareike Wiese
Amalie Tennebø Karlsen

**23.04.2017**
Heidi Skauge Hetland
Vilde Lunde Berg
Celine Marie Hagen
Silje Hopland
Sindre Andre Olsen

**30.04.2017**
Emilie Solvang Algrøy
Michelle Frøystein Mongstad
Silita Emilie Kurseth
Wilma Seljeseth Lynghaug
Alva Ulveseth

## Foldnes kyrkje

**19.03.2017**
Mie Danielsen Gjerstad
Axel Larsen
Brede Vik

**02.04.2017**
William Eikehaug Ådland
Annabell Stølen
Olai Eide Husevåg
Jessybelle Løtveit

**09.04.2017**
Emilie Straume

**23.04.2017**
Vebjørn Mohn
Alice Foldnes Ekerhovd
Olivia Wolff Anglevik Stefansdottir

**07.05.2017**
Leon André Bjorøy Sandvik
Sanne Sørgård-Robert

*Vår Herre Jesus Kristus seier: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.»*

*Joh. 11,25-26*

# Vigde

## Fjell kyrkje

**22.04.2017**
Line Lie og Aril Ivarsen

# Døde

## Fjell sokn

| | |
|---|---|
| Alf Hermann Lønøy | f. 1941 |
| Torborg Fjereide | f. 1920 |
| Else Hedvig Kolltveit | f. 1939 |
| Sigmund Nordvik | f. 1946 |
| Berit Karin Sekkingstad | f. 1946 |
| Svein Einar Fossdal | f. 1942 |
| Jørgen Ingolf Knappskog | f. 1920 |
| Ole Elias Bergtun | f. 1949 |
| Anita Ekren | f. 1970 |
| Rune Atle Åse | f. 1961 |
| Julia Ann Fjeld | f. 1943 |

## Foldnes sokn

| | |
|---|---|
| Henrik William Finsås | f. 1996 |
| Torleif Johannessen | f. 1938 |
| Olav Børsheim | f. 1943 |
| Mona Sønnervig | f. 1957 |
| Signe Thorvalla Nilsen | f. 1932 |
| Arnfinn Olai Midttveit | f. 1935 |
| Kari Algrøy | f. 1951 |
| Magne Karsten Ågotnes | f. 1939 |
| Elsa Skaaland | f. 1937 |

## Landro sokn

| | |
|---|---|
| Kjell Håkon Landro | f. 1944 |
| Solveig Andrea Algerøy | f. 1932 |
| Gudrun Amalie Langeland | f. 1923 |
| Johanne Eikevåg | f. 1926 |
| Lilly Torbjørg Landro | f. 1931 |
| Kåre Olav Angeltveit | f. 1934 |

VI TRENGER FRIVILLIGE.
Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no


**RENSEANLEGG**

**Har du fått pålegg om oppgradering? Vi har godkjente minirenseanlegg**

Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no

August Norge AS
Tlf. 69 22 33 22

Ta kontakt for en uforpliktende befaring!
www.augustnorge.no

-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no

Lenes bakeri & catering

Bestillinger på telefon eller mail, to virkedager før.
**Tlf. 56 33 33 10 eller 966 27 670** (mellom kl 8-18)
**Mail: post@lenesbakeri.no**

| | | |
|---|---|---|
| **Koldtbord** m/hjemmebakt ass. brød per kuvert. | kr | **185,-** |
| **Luksussnitter** | kr | **20,-** |
| **Hvit dame** 15 personer | kr | **350,-** |

· Snitter
· Koldtbord
· Varm mat
· Overtidsmat
· Kaker

**Tlf. 56 33 11 50**

Royal Cateringservice AS

## Annonseplass?

Fjell Kyrkjeblad kjem i postkassa til alle i Fjell kommune 6 gonger i året.

Dersom du vil nå breitt ut, kan vi hjelpa deg med annonseplass.

Ta kontakt for et tilbod.
Tlf 55097440 eller e-post: post.kyrkja@fjell.kommune.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75

MESTER

Fjell-ly

**Leirstedet til Midthordland Indremisjon**





- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**

**Fjell-ly leirsted**
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no


## Gravferdsannonser


Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
– En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølgning og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
( samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

*- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv*





Knut Helge Polden · Espen Polden · Tom Wilson · Heine Polden

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

BEGRAVELSESBYRÅENES FORUM

Bjørgvin BEGRAVELSESBYRÅ

**Døgnvakt 55 20 23 00**
www.bjorgvin-b.no

*Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.*

Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**
www.solstrands.no
*Vår erfaring - din trygghet*

VIRKE GRAVFERD

# Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg / støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med:

På dagtid: tlf. 55 09 74 40 / m. 93 41 46 22

## Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: m. 95 48 36 55

# Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du kan difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

| | |
|---|---|
| Sokneprest Terje Aannerød | tlf. 55 09 74 51 (a) |
| Sokneprest Bjarte Nese | tlf. 55 09 74 52 (a) |
| Sokneprest Petter A. Ekerhovd-Ottersen | tlf. 55 09 74 46 (a) |
| Ungdomsprest Jon Andreas Tjentland | tlf: 55 09 74 56 (a) |
| Soknediakon Torbjørn Fjøren | tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77 |
| Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal | tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70 |

## Her kan du betale med Vipps

vipps

| | |
|---|---|
| Fjell kyrkjelege fellesråd ................. | 82511 |
| Foreningen Basecamp ................... | 76162 |
| Fjell kyrkje ......................... | 80304 |
| Foldnes kyrkje ................. | 76022 |

Merk meldingen med formål og dato.




# Treng du nokon å snakka med?

**I Fjell driv vi eit aktivt lokalt arbeid innanfor omsorg og samtale.**

I periodar i livet kjenner vi på utfordringar og vanskar som det kunne vore godt å snakke med nokon om. Det kan vera utfordringar i kvardagslivet ditt eller det kan vera at du strevar med spørsmål om tvil og tru. Vener og familie er ofte dei vi tenkjer kan vera oss til hjelp når livet er strevsamt, men einskilde ting kan det



vera lettar å snakke opent om med framande. Det kan og vera at du er sjuk og ikkje kjem deg ut av huset og kjenner på saknet etter å vera saman med andre truande og å dele nattverden.

Prestane og diakonen har både utdanning og erfaring i det å snakke med menneske i ulike livssituasjonar og vi vil gjerne vera ein samtalepartnar.

Våre tiltak er gratis, og dei vil vere i staden for eller i tillegg til offentleg hjelpeapparat. Alle våre tilsette har teieplikt. Avtale om samtale kan gjerast ved at du tar kontakt direkte eller at du tar kontakt med kyrkjekontoret.

# Kontaktinfo

DEN NORSKE KYRKJA

Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume

**Sentralbord: 55 09 74 40**

Epost: post.kyrkja@fjell.kommune.no

## VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Prost: Erling Kopperud, 55 09 74 42, m. 90 85 89 39
epost: erling.kopperud@fjell.kommune.no
Prostiprest: Helge Unneland 911 23 612
Prostesekretær: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

## FJELL KYRKJEKONTOR

For kontakt med prest i Fjell:
kvardagar frå kl 09.00-15.00 – 55 09 74 40
elles ring beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55

**ADMINISTRASJON**

Kyrkjeverje: Annlaug Børve 55 09 74 48,
epost: annlaug.borve@fjell.kommune.no
Ass. kyrkjeverje: Borghild Hustad Berge
55 09 74 45, m. 99 70 69 42
epost: borghild.berge@fjell.kommune.no
Kontorsekretær: Anne-Kari Vik 55 09 74 57
epost: anne-kari.vik@fjell.kommune.no
Kyrkjelydssekretær: Line Steinsland Mosnes
epost: line.mosnes@fjell.kommune.no
Kontorlærling: Birgitte Skjoldal
epost: birgitte.skjoldal@fjell.kommune.no

**PRESTAR**

Sokneprest i Fjell: Terje Aannerød 55 09 74 51
epost: terje.aannerød@fjell.kommune.no
Sokneprest i Landro: Bjarte Nese 55 09 74 52
epost: bjarte.nese@fjell.kommune.no
Sokneprest i Foldnes: Petter A. Ekerhovd-Ottersen
55 09 74 46 epost: petter.eo@fjell.kommune.no
Ungdomsprest: Jon Andreas Tjentland 55 09 74 60

**DIAKONI**

Soknediakon: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47, m. 922 95 377
epost: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no
Ungdomsdiakoner: Basecamp 55 09 74 58
Nils Ivar Honningdal m. 99 46 88 70

**BARN OG UNGDOM**

Kateket: Ranveig Vestbøstad Vik 55 09 74 49
epost: rannveig.vik@fjell.kommune.no
Kyrkjelydsped./ t-teamsleiar: Kari Burke-Romarheim
55 09 74 61 / kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no
Kyrkjelydsped./ t-team: Søgnie Lillevik Nilsen
Kateket/ t-team: Elisabeth Møll Jung
Kyrkje/skule/barnehagesamarbeid: Rannveig Vestbøstad Vik
epost: rannveig.vik@fjell.kommune.no
Kyrkjelydspedagog/konfirmantleiar: Beate Sørhus
55 09 74 63 / beate.sorhus@fjell.kommune.no
Kyrkjelydspedagog: Håkon Syrstadeng 55 09 74 66
Kyrkjelydsarbeider: Eivind Kausland Lie 55 09 74 54

**KYRKJEMUSIKK**

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01
epost: olav.sorheim@fjell.kommune.no
Organist i Foldnes: Aasmund Brekke 56 32 41 90
Organist i alle tre kyrkjene: Tormod Rebnord
Kantor i Landro: Eline Olsen m. 90 60 53 32

**DRIFT**

Driftsleiar: Norvald Snekkevik 55 09 74 55, m.930 70 741
epost: norvald.snekkevik@fjell.kommune.no
Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17
Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29
Kyrkjegardsarb.: Vegard Lynglund
Kyrkjetenarar i Fjell: 56 33 25 01
Ingalis A. Malmo, Janne Lin Fjeld Andersen
Kyrkjetenarar i Foldnes: 56 32 41 90
Ellen Ebbesvik, Ingeborg Børve Skjold
Kyrkjetenarar i Landro: 55 09 74 43
Ingjerd H. Johansen, Vegard Lynglund

## SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd: Anne Elisabeth Møvik Hornnes,
epost: aehorne@online.no
Foldnes sokneråd: Magne Supphellen
epost: magne.supphellen@nhh.no
Landro sokneråd: Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
epost: tove.angeltveit@hotmail.com

**www.kyrkja.no/fjell www.t-dagen.no**

# Ny i Fjell kommune?

**Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell kommune. Du er hjarteleg velkomen!**

## Foldnes kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11:00.

**Søndagsskule** - under gudstenesta, når det ikkje er familiegudstenesta. Kontakt: Maria Wergeland 92 40 88 05

**Bibel, bønn og lovsang** - siste søndag kvar månad kl. 18:30. Kontakt: Petter Ekerhovd-Ottersen 97 67 97 56

**RAMP** - annankvar tysdag, kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffe! Kontakt: Janne Mo; mojanne1@gmail.com

**Treff** - i kyrkjelydssalen første onsdag pr. mnd. kl. 11.30-14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

**Lukas Tensing** - måndagar frå kl. 18:30 i kyrkjerommet. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Håkon Syrstadeng 55 09 74 66

**Ungdomslaurdag** - i Vestfløyen frå kl. 19.00 og utover, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Jon Andreas Tjentland 55 09 74 60

**Mannsgruppa** - kyrkjelydssalen ein torsdag i månaden. Kontakt: Bjørn Andersen 908 92 950

**Basardamene** - Foldnes kyrkje. Kontakt: Torill Kvalheim, tlf 90 79 92 22

## Fjell kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11.00

**Søndagsskule** - under gudstenesta, når det ikkje er familiegudstenesta. Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 97 67 11 61

**Retreatkveldar** - ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og enkel kveldsbøn. Kontakt: Terje Aannerød 55 09 74 51

**Tweensklubben** - i Fjell kyrkje fredagar kl. 19.00 – 21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Jon Andreas Tjentland 55 09 74 60

**FamilieKrik** - laurdagar kl. 15.30 på Bildøy bibelskole. Sjå Facebook: Familie Krik Bildøy, eller kontakt: Søgnie Nilsen 97546646

**Vokalensemblet Sotra reviderte** - for alle som vil syngje a-capellakor, tysdagar kl. 19-21.30. Kontakt: Ingjerd Hauge Johansen 922 32 815

**Fjell kyrkjebrass** - om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag på oddetallsveker kl. 20.-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

**Fjell barnekor** - annankvar tysdag (oddetalsveke), kl. 17.30-18.30 (4 år til 4. klasse). Det er sang, litt hobby og en liten lett kvelds. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988 evt. Kari Mortensen 411 22 323

## Landro kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar, kl. 11:00.

**Onsdagsmøte** - i kyrkjelydssalen kl. 19.30, kvar 14. dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

**Taco-fredag** - ein gong pr. mnd. i kyrkjelydssalen kl. 17.-19. For heile familien! Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52.

**Nordre Fjell Barnekor** - for deg som går i 1.-4. klasse, kl. 17.30-18.40 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

**Nordre Fjell Tweenskor** - for deg som går i 5.-8. klasse, kl. 18.40-19.35 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

**Treff i Landro** - i kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30-14.00 Fellesskap, mat, undervisning og song. Kont: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

**Landroklubben** - i kjelleren i Landro kyrkje annankvar fredag kl. 18.30 til 22.30. Frå 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

**Tweensklubb** - i Landro kyrkje, annankvar tysdag kl. 17.30 til 18.30. 5.-7. klasse. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52.

**For meir info og e-postadresser, gå inn på *kyrkja.no/fjell***

B-BLAD
Returadresse: Fjell Kyrkjelyd
Postboks 184, 5342 Straume

# BARNE-KRYSSORD

A B C D E F

**VANNRETT:**
1. Spørre
3. Grise
4. Morbror
6. Blomst
10. Hovedstad
12. Lesestoff

**LODDRETT:**
1. FaderVår
2. Tysk jentenavn
3. Varmekilde.
5. Ellinor Larsen
7. Skrattet
8. Dessert
9. Negl
11. I orden




Bli med i trekninga av ein valfri stor pizza m/drikke og is for fire!
Send inn kryssord til
Fjell kyrkjekontor,
PB 184, 5342 Straume
Merk konvolutten: «Kryssord»

DOLLY DIMPLE'S

Vinnar av Barnekryssord i nr. 2-2017:
Ruben Landro
Øvrebøen 13
5363 Ågotnes

Namn:...............................................................................

Adresse...............................................................................

...............................................................................